

## **"Di hev funne di" sa ho. "Ja, det er ei stor lukke, det", la ho til.**

Olav Sletto, stortalar, trufast mann og forfattar på taleferd i Numedal og heime i Hol i august 1911. Eit drama utspelar seg – brått og uventa.

Brevtekster tilrettelagt av Eva Almhjell, leiar i Olav Sletto-selskapet.

I slutten av juli 1911 var Olav Sletto på taleferd i Numedal. Han var hemmeleg nygift og skriv morosame ferdabrev til kona si, Karin f. Bryde. Så kjem han heim til Hol, og syner i breva forvitnelege sider ved seg sjølv, for han skildrar ikkje berre ferda og den ytre ståa. Han avdekkar sitt dramatiske indre liv – som ingen før hadde ana. Minst av alle Karin. Som lyn frå klar himmel fyrar han av mot brura:

Eg hev bunde min lagnad til din!

Eg er ein truande i livet.

Du Karin, mitt viv! Du maa "behandla" meg rett og varlegt endaa ei tid, so er slaget vaart. Den incognitoturen din til Xania – den ber til meg Satan! ... [Brev til Karin, Hol 23.8.1911].

Kva er dette?

Karin har ærend i Kristiania. Det er ein, for henne, naudsynt omveg, for turmålet er Hallingdal. Men for Olav ... «den ber til meg Satan!». Kva er det denne byturen utløyser hjå hennar store menneske? Korleis forstå Olav sine valdsamme reaksjonar? Hans sjalusi, mistenksamheit og kontrollbehov som ligg i breva? Kan det han har skrive om seg sjølv og sin bakgrunn: Naturen, bygdekulturen, garden og oppveksten på slutten av 1800-talet vera ein nykjen til forståing – både av mannen og diktinga hans? Og kva med Karin? Korleis tek ho utbrota frå den nygifte? Og til sist: var lynet og det mentale torevêret som slo ned i Sletto og Sandefjord eit eingongs-tilfelle, eller var det eit handlingsmønster han repete i samlivet?

For å finne grunnlag for viten og refleksjonar over desse spørsmåla, brukar vi breva mellom ektefellene i juli-august 1911 og notat/lappar i Sletto-arkivet. Så går vi til diktinga – først og fremst bøkene om Per og Olver. Dei er romanar, men med mykje sjølvbiografisk stoff. Vi tenkjer at nykjen til forståing finst hjå Sletto sjølv – både i breva skrivne i samtid og i notata til bøkene, og bøkene sjølv der den aldrande forfattaren ser attende på eigen barndom.



**Olav Sletto (1886-1963).**

Frå Hol i Hallingdal. Sonen til tenestjenta Anne J. Sletto. Født utanfor ekteskap. Foto: Studio, Rue de Mayor, Sveits 1909 (?) Wikipedia/Store norske leksikon.

**Karin Bryde (1884-1965).**

Dotter av skipsreiar Johan Maurits Bryde og fru Karen i Sandefjord. Foto: M. Himberg, Sandefjord, 1912 (?). Utlånt av Are von der Lippe.

Biletmontasje: Bjørn Furuseth, Hol Bygdearkiv.

Ja, Olav Sletto hadde funne lukka si! Og var i salig rus då han, 28. juli 1911, dagen etter vigsla hjå byfogden i Drammen, skriv frå Uppdal [Uvdal, som kommunen heiter i dag. Eg brukar Uppdal her] øvst i Numedal, til den som nett hadde vorte kona hans:

Du mi brur!

Kjære, kjære – Eg er nett innkommen og kl. er  $\frac{1}{2}$  1. Eg kjenner dine varme, sterke, mjuke armar. Eg kjenner dine herlege kyss. Heile deg kjenner eg. Og augo dine. Du – som du er, det merklegste, det største, finaste – det herlegste menneskje paa vaar jord! Eg maa endaa ein gong faa segja: Eg elskar deg! Elskar deg! Ingen elskar deg slik, det gjeng ikkje an! Mi brur, mitt menneskje, min store kamerat.

Meir enn åtte titals brev skrivne, dampande av ærbar erotikk, hadde Olav med sine inspirerande, forførande og insisterande brev frå Agder og Hol våren 1911, oppnådd det han ville: Å vinne prinsessa han hadde drøymt om sidan forsommaren 1908. Askeladden hadde fått si prinsesse.

Etter vigsla skulle ingenting røpast og begge skulle vende attende til kvardagen som om ingenting var hendt. Som avtala, så gjort. Det var i kvar sin kvardag dei levde då breva her vart skrivne, han i Hol, ho i Sandefjord.

Breva Olav Sletto sender Karin syner oss ein mann med eit vakent blikk, og med ein penn som spennar frå det harde til det mjuket, frå den moralsk krevjande oppsedaren til den mjuket forføraren. Det kjem tydelegare fram seinare. Han tok ofte både folk, hendingar og stader på kornet, og sjølv om tankane hans under ferda oppover middelalderdalen var hjå brura i Sandefjord, får vi del i det han opplever som talar. Olav Sletto er ein framifrå forteljar, ikkje berre i si dikting, men også i breva han skriv. Han var ein intelligent, sjarmerande, vakker og velkledd mann, og tok seg godt ut på talarstolen. Han likte seg der, og under denne taleferda må han i tillegg ha stråla av dei siste dagars hendingar. Men alltid med respekt for sitt publikum. Han budde ofte fint, hjå storbønder på landet og gode hotell i byane, t.d. i Kongsberg. Det hadde han knapt råd til, som det går fram av brevet han skriv frå Uppdal. Men mannen er suverent freidig. Han spelar på sjarm og forfattarstatus.

Uppdal, Numedal 28. juli 1911

Mitt viv!

Her hev du meg! Eg er visselegt sjuk av lengting! Eg hev havt ei forunderleg kjensle i gaarkveld paa toget, og i heile dag, noko varmt, svært - - -

No eg skal skriva deg til, eig dei ikkje meir eitt papirark – dette her som er krulla – her paa stationen. Men det er mykje morosamt, det eg hev aa fortelja, so lat gaa. No hev eg forresten sendt ein liten gut paa butiken etter papir og konvoltutar. ...

Eg kom til Kongsberg – og min økonomi var som du veit. Kva hotell skal eg taka? Grand ligg framfyre so det berre straalar – byen elles laag i myrkret.

Eg driv inn og vil ha eit rom til  $1 \frac{1}{2}$  kr. – og venta aa høyra svaret: "Har ikkje so billigt værelse". – Men jau! Gjenta let me faa eit rom straks! Og daa ho saag at eg var ein nygift og sers ven ung mann, so smilte ho og var blid. Kl.  $\frac{1}{2}$  1 um notti held me two denne samtalens:

Eg: Kor langt er det til Uppdal?

Gjenta: Om lag 12 mil.

Eg: 12 mil! – er du - ! Hm! – Naar gaar automobilien?

Gjenta: Kl. 7 i morgen tidlegt.

Eg: Er det dyre takstar?

Gjenta: Som vanleg skjussbetaling.

Eg: Vanleg skyssbetaling! Nei men for pokker! –

Gjenta: Ja, so paa lag 16 kr. kosta billetten til Uppdal.

Eg: (tegjer, set meg ned).

Gjenta: Hva navn skal jeg skrive i fremmedboken?

(No kjem guten med papiret. ”Dei hadde ikkje finare papir!” segjer han).

Eg sat der aa gruvla. Tenk 16 kr. [16 kr. tilsvrarar 1010 kr. i 2018-kroner]. ...

Eg øygna ikkje raad. Og gjeng til sengs kl. ½ 2. Somnar. Vart vekt. Spring i klædi, og nett daa eg hev drukke kaffien rullar bilen framfor døri.



Kanskje kunne ein slik automobil ha frakta Sletto mfl. frå Kongsberg til Uppdal i 1911?

Foto: Brøstrud - privat

Handkofferten i handi med roleg stemningsmine gjeng eg set meg i det beste sæte. Helsar blidt paa Chauffören. Det kjem ein lekpredikant og hans kona – ein ingeniør o.s.fr.

”Ein plass tom! Kjem ikkje den herren?” spør bilchaufören.

Inkje svar.

Han tek upp lummeboki:

”Er Sletto komen!”

”Ja”. – Helsar smilande.

”Undskyld!” smil igjen.

”Men er Langeland komen?”

”Nei!”

Mitt hjarta hoppar av gleda.

”Jaja, saa maa vi drage”.

Og me dreg i susande fart Numedal upp!

Paa den sida eg sat gjekk ringarne sund 5 gonger. Dernest gjekk maskina i staa, for di det var gjenge gale med ein ventil. 6 timer forsinka kom eg fram. Tok handveska. Nikka smilande som ein djevel og sa: ”Takk! Alt skal ordnast sidan!” Og dermed gjekk eg inn i huset.

Chauffören helsa vyrdksamt!

### **Eg var komen til Uppdal!**

#### **Sundag kveld**

Mitt kjære viv! Mitt alt, og einaste i livet. ... Men forresten er det godt, dette at eg mot min vilje vert kasta uti folkestraumen. Eg kjenner kor du og eg er eitt, og alt vaart i vaar eige leid.

Me er ei verd for oss sjølve, me two! ... Den [giftering som Karin hadde sørga for] ringen du!

Saa glad eg er i honom. Slikt kunde eg aldri ha tenkt. Det er liksom du! – Og no hev eg alt lært meg eit lite fiff. Naar eg trykkjer paa den eine kanten av ringen – kann eg sjaa ”Karin”. – utan aa hava han av. Og no kann eg som i dag lata ringen strjuka kjølegt yver min (skjønne) munn! Og daa kysser eg deg etter! HerreGud me menneskje!

Eg hev fenge visseleg 30 gratulationar i dag!

Og kona her eg bur (eg hev flytta og bur i eit privathus uppe paa ein haug – ikkje paa skysstationen), ho saag paa ringen og sa paa ein underleg god maate: "Di hev funne di" sa ho. "Ja, det er ei stor lukke, det", la ho til.

Kor mykje det kann liggja i eit stillfarande ord!

---

Her var – som dei meinte – 7-800 menneskje tilstades. Eg hadde 3 andre talarar aa talast med, men! - - - Hm!

Mine finansar er soleis!

5 tikronesætlar

2 kronestykkje

5 ½ kronor

1 femogtjugeøring

2 tiøringer

(1 tysk halvmark)

3 femøringar

2 twoøringar

3 einøringar

Tilsaman kr. 55, og nokre øre. [tilsvarar kr. 3471 i 2018]

Automobil og upphald er betalt umframt dette!

Som du ser, so hev du ein mann som er glup til aa tena pengar! Det kjem sagte vel med, two fatige kunstnarar og underlege skruvar som me baae er, og som der attaat vil alt i livet - ei liti tid. ... I morgen skal eg segja deg, fer eg herifraa til Hallingdal. Med deg i min tanke! Yver fjellet, einsamt!

Mitt viv, mitt viv! Alle tala um i Drammen, at me skulde kvila! Eg i Hallingdal, du atmed havet! Ha! Me er dumme! Me finn ingen kvila fyrr me kann faa møtast kvar dag. Det er hjarte som bankar og gjer oss urolege. Me finn kvila i kvarandre! So lenge me skal lengta, er det ingi kvila. Me maa ikkje søkja ut fraa kvarandre etter kvila. Nei, me maa søkja etter samliv – (samlivet er ikkje mas, som du trur!!!)

Skal eg aa faa brevet til aa gaa, so maa eg faa leigt ein mann til aa sykla 4 km med det.

Min varmaste lengt og famntak.

Din mann! Evigt!

Uppdal vart eigen kommune i 1901 med eit folketetal på 1429. Stort fleire var dei neppe i 1911. Av desse møtte det fram 7-800 tilhøyrarar eller meir enn halvparten av innbyggjarane i kommunen. Og det midt i slåtten. Korleis det vart plass til alle der han tala kan ein undre seg over. Eller kanskje var dei ute i solsteiken? I 1932 vart Uppdal til Uvdal. Strekninga Kongsberg – Uppdal var i 1911 antatt å vera 12 mil. I 2018 er det ca. 123 km langs fylkesveg 40, altså om lag same veglengde den gongen som i dag. Punkteringar og anna plunder med automobilien seinka dei med 6 timer. Fyrst etter 17 ½ time var dei framme – kl. ½ 1 om natta. Det var slitsamt vera ferdatalar for hundre år sidan. I dag tek turen med bil mellom Kongsberg og Uvdal 2 timer og 20 minutt – utan heft.

Middelalderdalen var ein vakker dal, med Numedalslågen som ei sølvsnor i dalbotnen, den gong som no, og med landbruket som dominerande næringsveg. Han tala i bondeland, der han trivdes best. Kva Olav Sletto tala om skriv han ikkje, men ein merkar seg at postgangen på landet den tida var både langsam og ustabil. Det var ei ståande kjelde til uro for dei nyvigde, no og seinare.



Brostrud Skydsstation, Uvdal. Foto: Brøstrud – privat

Olav Sletto moroar seg stort over alt som skjer undervegs på turen. Han fortel med lattermild penn om korleis han kjem seg unda å betala for skjussen, ironiserer over eigen miserable økonomi og gjer i detalj greie for sine «finansar». Dette er typisk han, også i seinare brev heim til kona.

For fjellbonden, som Olav Sletto kallar seg i Olver-bøkene, var ikkje pengenaud nokon ny røynsle. Brev mellom han og mesenen hans i Hol, S. Reinton, både før og etter 1911 viser at Sletto var i konstant pengeknipe [Olav Sletto-selskapet si Årbok 2002]. For skipsreiardottera Karin var materiell knappheit noko uvant. Ho var vant til «fast grund under føterne». Når det kneip økonomisk for dei nyvigde, vart det hennar jobb å utløyse midler til det som hørde med når ein gifta seg: Materielle goder som tomt, hus og alt som hører til i ein heim. Utrygg økonomi uroar henne, og meir og meir etter som gjeld knytt til hus og heim veks, og evna til å betala renter til mor og bror, som låner dei nygifte pengar til tomt og husbygging, ikkje held tritt med utgiftene. Det ho opplevde som ikkje å ha fast grunn under føtene, gjekk på helsa laus. Familien ga, inntil vidare, den tryggleiken ho trengte. Olav likte heller ikkje ståa. Det hørde til hans mannsrolle å forsørge familien. Når han ikkje klarte det, gjekk det på hans maskulinitet laus. Det skulle ein ikkje ta lett på. Sjalusi kan avlast av så mangt. Han gjorde no likevel så godt han kunne, som ferdatalar og forfattar. Taleoppdraga var mange, men boksalet etter debutboka gjekk trått. Mykje av dette ligg likevel nokre år fram i tid. I 1911 hadde, som nemnt, Askeladden fått si prinsesse. Som nygift kunne han tillate seg å ironisere over slunken kasse. Han hadde det jo så overmåte godt med alt anna, for han det viktigste nett no: Livet og kjærleiken. Men ro finn dei ikkje før dei kan leva under same tak, det sler brudgommen ettertrykkeleg fast i breva. I Sandefjord lever Karin på herlege minner frå jubeldagane i Drammen. Ho trivst ille med frøken Rudi og bladfyken hennar, Eggen, på slep, men er ho ikkje også litt smigra over merksemda ho og mannen hennar vekkjer?

Kathrineborg, 30.7.1911

Min store og herlige ven!

Atter sidder jeg her – i stolte og lykkelige tanker! Du er den eneste for mig i den store vide verden! Og jeg ved det for visst, at aldrig møder jeg nogen, som kommer op mod dig, for du er den største og den herligste mine øine har mødt og vil møde!

... Lad mig saa fortælle dig, hvordan det gik, da vi skiltest. Kommen ind i restauranten havde jeg øieblikket efter den saakaldte frøken Rudi i hælene på mig. "Om jeg ikke vilde gaa en tur med hende, det vilde glæde hende sa o.s.v." Det var ikke frit for, at jeg blev lidt harm, der jeg stod. Jeg havde jo allerede givet hende besked! Og jeg svarede hende høflig og bestemt: Nei tak! Men hendes hensigter var saa altfor tydelige. Hun havde ingen anden grund for sin venlighed mod mig, end at hun og hr. Eggen [ein av tidas bladfykar og bokmeldarar] skulde faa stille sin nysgjerrighed overfor den nye fru Sletto – et ord, hun ikke kunde faa sagt ofte nok. Det var som hadde hun lært bare dette ene navn! Nei, ellers tak. Min gode frøken Rudi Vi lader os nok ikke tage paa den maaden! Jeg stod lenge, hvor vi skiltest, for at give toget

min sidste hilsen; Men mellem vognene paa den anden side, kunde jeg skimte det ventende par. Og jeg tænkte med mig selv: hvor det dog er vanskeligt for os to at have noget for os selv! Se der staar to, som vistnok ikke vil spare paa det at faa det videre. Det, som ingen skulde vide, før vi to selv vilde det!

Før jeg gik for at hvile, tog jeg mig en tur bort til [Hotell] Britannia [Drammens-hotellet som husa det giftesjuke paret], hvor jeg sendte den sidste hilsen indad de aabne vinduerne – til vore værelser!

Da jeg saa kom tilbage forsøgte jeg at hvile, men det gik ikke! ...Og saa kom jeg hjem til mor, som ingenting ante! Og hvad skal jeg saa sige! Faar hun det at vide udenfraa (hvilket vi jo nu kan risikere) saa bliver hun kanske bedrøvet. Men jeg vil ellers haabe paa det bedste her, og vi ordner det saaledes, at jeg gjør mig færdig her indtil den 27de august. Reiser saa bort for at hvile for saa at tage til Kristiania i september. Naar jeg der har faat ordnet mine ting saa mødes vi to der, og vi reiser sammen til Sandefjord – erklærer vor egtestand og gaar pent rundt til alle vore og et paar andre med og siger vort bedste: Lev vel! ... Saadan er det vi vil gaa frem. Og fremfor alt: en pen stemning!

Jeg har pakket manuskriptet og sender det i morgen. – [fyrste utkastet til «Domen» i Loke-serien].

Jeg stunder varmt efter brev! Tak for hilsen fra Kongsberg!

Din viv. –

Den sers romantisk anlagte kona til Olav Sletto vil på landet for å kvile. Ho veit råd for lengsel etter Olav. Kanskje det kunne bli ein tur til fjells? Til Hallingdal? Mon Hol kunne vera rett stad? Ho ville i alle fall vandre i fullmåneskin på «vidderne» saman med mannen sin, og 7. september 1911 skulle fullmånen vera på plass.

Det kom ikkje til å gå slik ho helst ville. Brudgommen manøvrerte kløktig og etterkvart desperat for å unngå besök av skipsreiardotter i sine heimtrakter, enn si i Sletto! Han hadde vore på besök på Kathrineborg hjå Karins familie. Det var andre dimensjonar der enn i Sletto. No vore det normal folkeskikk å be brura til brudgommen sin heim, men frå den ellers sers høviske Olav Sletto kom ingen invitasjon. Det har si logiske forklaring i at alt skulle vera så hemmeleg. Men ringforlova kjærastar kunne dei vel vore. Nei, Olav stritta imot. Kunne det vera at barndomsheimen, som Olav i brev og truleg i tale, skildrar så høgtidsstemt – utsynet over Hallingskarvet, heimfjella, hus og heim, og åkrar og eng heime – vart for vesal, trass alt?

Og kva slags bilde hadde han skapt av det sosiale og kulturelle livet på garden, der han vaks opp med besteforeldra? Har han gjort smått til stort, slik han i grunnen hadde for vane? Det er ikkje godt si, men det verkelege Sletto var openberrt ikkje staden Olav ville syne fram for fru Karin Sletto. Meir om det nedanfor.

Olav sat ellers skrev på det som skulle bli Loke-kvartetten når han kom heim til Hol, for det er forfattar Olav Sletto er. Den litterært røynde Karin las Loke-manus medan ho venta på å bli fru Sletto, og Loke var for visst med under jubeldøgna i Drammen. Karin hadde store tankar om mannen sin, og såg for seg at han kom til å nå så langt han berre ville – og fortente – som forfattar. Ho var ytterst lojal.

Men no, i juli 1911, var han på taleferd i øvre Numedal, og sende brev og kort til vivet sitt i Sandefjord, der han prisar feda og dalen, men saknar sitt viv.



Halvard Brøstrud med «Dagali-lokomotivet» forspent. Han var skysskar mellom Uvdal og Dagali. Det var truleg denne ekvipasjen som skyssa Olav Sletto og to andre til Aasberg i Dagali 31.7.1911.

Foto: Brøstrud privat.

77	Sarald Gladham	Kongsvingel	Uggle	1/4
27	Elaen Gladham	Kongsvingel	Uggle	2/3
27	Osg Gladham	Kongsvingel	Uggle	2/3
27	Torkif Hanssen	Kongsvingel	Uggle	2/3
27	Ogo Sletto	Trofaten	Trofaten	2/3
27	J. Salbakke	Gorvengje	Jordengjordet	2/3
27	fin Salbakke			
27	Fry Linstad		fin	2/3
27	Svingen		fin	2/3
27	O. S. Øvrestrand		Hol	2/3
27	Holmen		Hol	2/3

Utsnitt fra gjesteboka for Brostrud: Olav Sletto er gjest nr. 2395. Han budde, som han skriv, natta før på ein gard litt ovanfor Brøstrud, Furuheim, men skriv seg ut frå Brøstrud 31.7.1911. Beskjæftigelse: Forfattar. Ulikt alle andre gjester, oppgir han ingen heimstad. Reisemål: Gjeilo.

[EA: Men Hol var faktisk reisemålet].

Foto: E. Almhjell, 2018.

Frå Brostrud [i dag Brøstrud] har han reist 17 km over fjellet mot Hallingdal og kome til Aasberg [Åsberg] i Dagali. I 2018 er strekninga oppgitt å vera vel 22 km og tek vel 20 minutt med bil. Turen frå Uvdal til Dagali gjekk i 1911 med hest og vogn. Korleis Sletto kom seg frå Dagali til Hol skriv han ikkje, men han kan ha gått siste strekket, om lag 3-4 mil. Om han har tala fleire stader enn i Uvdal, går ikkje fram av breva, men utsynet frå skysstasjonen smeikjer nasjonalkjensla. Han reiser i storlått natur. Vêret er det beste. Solsteik. Det er høgsommar.

Olav Sletto er lite sosial etter talane sine, både no og seinare. Dels er han sliten, og dels vil han vera i si eiga vene verd saman med Karin. Han bryr seg lite om lokale samtaleteema, som fiskevatn t.d. sjølv om fiske var ein viktig del av næringsgrunnlaget i fjellbygdene, som hans ellers prisa.

Aasberg, Dagali 31.7.1911

Mitt viv!

Kjære, kjære! Eg kann ikkje berga meg. Eg lyt faa helsa deg – atter med nokre faa ord! No er eg komen 17 km. inn paa fjellet. Her skal eg vera til i morgen. Med huset sit fullt av husens folk og framand sit eg med deg i min tanke. Eg orkar ikkje aa blanda meg inn i samtalen, som gjeng um fiskevatn og slike tema, og um ei gammal kone som skal ha gjenge seg vill i fjellet. **Eg er saa glad i deg! So glad i deg!** ... Eg er so jaloux paa dei som fær daglegt vera ikring deg. Dei fær høyra di røyst – som for meg er all verdens musikk! Og augo dine smiler mot deim – medan eg gjeng utanfor i myrkret. ...

Din lengtande, trufaste mann

«Eg er jaloux, sjalu, på dei som fær daglegt vera ikring deg», skriv Olav. Det høyrest tilforlateleg ut, men denne sjalusien skulle koma til å utvikle seg til noko utriveleg i samlivet, som vi snart skal sjå. Karin på si side er offensiv i moderhuset og familien i Sandefjord. Ho hører ord falle som kan bety hjelp til dei nygifte. Ho vil også at dei skal få «udrette noget i livet!» og meiner «noget maa vi kunde magte, vi to!» [brev 3.8.1911]. Ho vil ikkje leva i «ørskesløs nydelse», og ankar seg over at ho til no ikkje har fått utretta noko [vetugt]. Ein stad må det ligge eit «virkefelt» for henne – saman med han, «min mand, min store

kammerat!». Ho hadde ein visjon. Og ho er ikkje klar for moderskapet – enno. Det er det med finansane ho gjerne vil ha orden på.

Hol, 2.8.1911

Mitt viv! – fru N.N!

... Det er noko so ”overordentligt” i dette vaart forhold. So stillt som det kom, so ubønhøylegt var det i si magt! So rik paa ubøygjeleg lagnad! Two sjæler, einsame, forstod ropet aat einannan – det djupe, løynde rop etter sistersjæl – eit rop liksom ute fraa sjølve ævorsdraumen. Two sjæler kjenner kall og krefter til eit liv i reinleik og venleik. ...

Den frøken Rudi, sikken en fjols! ...

Altso: Eggarne er interesserte i oss two! – Dei gratulererte meg med forlovelsen. Eg smilte, at folk er so dumme, at dei gratulerar forlovelsen dagen etter ein er gift!

Men du, mot frk. Rudi var me visst for hjartelege. Kannhende me er for hjartlege, og folk difor tykkjer at dei kan hengja seg paa oss og plaga.


Men det skynar eg longe, at folk vil liten fred gjeva oss. Dei vil oss ikkje noko vondt. Men det er berre nysgjerrigkeit. Og slik som me two gaar, og bryr oss ikkje um heile verdi – so er me deim noko underlege menneskje. ...

Din eigen vesle ”menuett”

Men «Eggarne» blir snart uinteressante for talaren på veg opp Numedal. Olav Sletto har lenge skrive på eit manus han kalla «Domen». Manuset var, som vi har sett, med då forfattaren og hans komande hustru møttest til vigslle i Drammen. Han ber henne sende det til forlaget Aschehoug. Det gjorde ho, men manuset vart ikkje godtatt.

Olav skriv: ... Til forleggjaren gaar brev i morgen. Berre no ikkje konsulenten stengjer meg ute, so at ”sværdet brænder i de bundne hænder”. For eg veit at ”Under domen” er, trass alt som kannhende er mindre godt – verd aa koma ut millom menneskje. –

Mens Karin levde med stor lykke, därleg samvet og vondt hemmeleghald i Sandefjord, sat Olav i kammerset sitt i Sletto og skrev, slik dei var vant til der i garden. Der var det ingen som spurde. Men brev kom og brev gjekk – mange! Karin si handskrift var så særeigen at alle som ville, måtte merke at mengda brev som rann inn hadde same avsendar. Landets eldste postopneri og postmannen sjølv, Tollef Sundre i Hol, ekspederte på denne tida post 3-4 gonger i veka [[www.hallingminne.no](http://www.hallingminne.no)] Bygda hadde sanneleg snakke om hausten 1911!



Som nemnt i innleiinga, teiknar vi opp rammene omkring Olav Slettos liv i von om å forstå mannen og diktaren, og det er langt på veg forfattaren sjølv som gir oss nyklen til forståing. Til rammene høyrer naturen og landskapet, bygdekulturen, garden og oppveksten der på slutten av 1800-talet.

### Naturen og landskapet i øvre Hallingdal

Naturen skildrar Olav Sletto sjølv slik: ...det ligg store fjell og rullar storlina ut i himmelsjå. ... I vest Hallingskarvet i mektige linor og stor form – med snøbredar på blå botn um sumaren – med kvit kjortel den lange vinter. Der gladde soli seint um kvelden, dit gjekk auga når dagen var slutt. Der rydde soli fyrst um morgonen, raudna, gylte – dit såg ein fyrst om morgonen. Eller vinternatti med fullmåne og kalde stjernor, då låg Skarvet som eit overjordisk slott – høgt over dalen og menneska og gav tokke av det som varar og som massen ikkje forstår. I sør toppa Ådnak med tonefulle mjuke linor, Alle stader fjell-linor, form, skulptur, men inni denne råma blinkande vatn, sølvspeglar, som krystallflator. Og med gardane kransa oppetter hellingi – og óm og sog – natt og dag ein undertone som minte om orgel – frå Djupedalsfossen og Hagafossen. Inni let ein bekk som risla og rolsla bak låven på garden, og gamle ospetre nær husi som skolv og varsla den lange sumar. På hi sida husi granskog der vinden gjekk i tak, fall og stigning i all slags ver. Musikk. Alltid musikk. [Dale/Reinton, 1966].

Dette var før utbygginga av Bergensbanen, og før vasskraftutbygginga fekk fossane i bygda til å stilne. Olav levde opp i ein natur som opna opp for det åndelege i han.



Utsyn frå Kambenuten aust ovanfor garden Sletto – mot vest. Hallingskarvet i vinterskrud bakerst, Hovsfjorden og Holsfjorden hitover, med gardane på line i «andre etasje» i Holsbygda. Det var her dei gamle tufta gardane sine, før fossane i hallingdalsfjella stilna og temma fossane og flaumkrefte. Foto: Robert Wick.

Naturen og landskapet tilla Sletto avgjerande betydning for sin karakter. Utan å forstå dette vil ein ikkje kunne skjøne det han skildrar, skriv han i Olver-bøkene. Naturen er altså ein nykkel til å forstå diktinga hans. Men ikkje den einaste. Kulturarven var like viktig.

### Kulturarven frå Hallingdal

Kulturen, som Olav vart del av med sin oppvekst på garden Sletto, var også mektig. Fargerik og sterkt tradisjon knytt til arkitektur, musikk og dans, bunader, sölvarbeid, rosemåling og mykje meir – og samtalekunst. Desse kulturuttrykka var omrent dei same, fram til endringane som følgde bygginga av Bergensbanen [opna 1909] og seinare vasskraft-utbygginga fram til midt på 1950-talet. Økonomisk var likevel Hol kommune av dei fattigaste i landet på slutten av 1800-talet [[www.hallingminne.no](http://www.hallingminne.no)], og i landbruket var maskiner knapt tatt i bruk, enn si i fjøs og hushald. Kulturimpulsane ligg under og gjennomsyrer mykje av Sletto si dikting.

Olav røynde kulturen dagleg. Sven Moren fekk oppleva han, då han var på frierføter på Ål i 1907: I Hallingdal hev det vaksi fram ein stød kultur, og hallingkulturen hev i ymse måtar skapt seg former som ein sjeldan finn makin til. Hallingdølen er vel helst konservativ. Det er hans storlyte, men det er og hans styrke. Standsskilnad hev folket her snaudt visst noko av, soleis i det daglege liv. Tenaren sat tilbords med husbonden og kom med i all hans rådleggjing. Borni vaks upp i bonde- og arbeidskår og lærde tidleg at tid er pengar. Det vart ikkje tid eller høve til å gå for seg sjølv og drøyme. Det var stødt for mykje å gjera. Og husi var ikkje soleis laga at born og foreldre kunde stengja seg inne i kvar sitt rom og verta framande for einannan. Det var ikkje noko kammers åt sonen eller noko kvistrom der dotteri kunde sitja og lengte «over de høie fjelde». Det var ikkje serskilde tenarrom heller. Husfolki fekk vera ilag i helg og yrke, i kvild og i arbeid. Dei vart i beste meinung ein lyd. Husi ruva heller små. Men når eg kom inn vart eg ofte glåmøygd. Stugu var stor og ljós! Og her var mest alt eg ofte hev ynskt me måtte få aust i markom, og. Her var peis. Og flattake som gjer det so trøngt og kvævt både for kropp og sjel — såg eg ingen stad. Her kunde ein få frisk luft natt og dag, vinter og sumar, året rundt! Um eg kunde få flytje alle bleike, brøstsjuke kvende — som stend året rundt under eit lågt flattak, over ein osande komfyre heime — hit! Og borni som vert veike og missnøgde med denne verdi fyrr dei lærer å segja Ja!jau! — Um ein fekk slengja eit reip yvi slindi og hekte vogga i det og huska dei her framved peisen! Er det noko å undrast på at hallingen vert spræk so han slengjer føtane uppi take i lausdansen. —



Olav Sletto spela sjølv fele, og han bygde talane sine opp som eit stykke slåttemusikk. Bildet er frå 1902-03 då Sletto gikk på Voss folkehøgskule. Foto: Joh. V.d. Fehr, Vossevangen. Publisert på [www.hallingminne.no](http://www.hallingminne.no)

Lite plass for individuelle løysingar i den gamle hallingstugu, altså, men Olav hadde likevel sitt eige kammers i Sletto. Der var han født og der sat han no skreiv. Og – som barn fekk han leike seg fritt, utan krav om nyttig innsats på garden.

Klasseskilnader var det heller ikkje i denne bygda, slik Moren, Sletto og bygdebokforsattaren Lars Reinton ser det. Skilnadane ligg i om du er av godt folk eller ikkje. Slike skilnader var ikkje godt få auga på for den uinnvigde. Rikdom synte seg ellers i stabburet, der maten vart lagra. Men dit kom ikkje fremmande. Der var det husfrua – den høgvyrde – som rådde.

I denne fjellbygdkulturen var samtalens utvikla til noko nær kunst. Det kjem godt fram i dialogane i t.d. Per-bökene, og det var noko Olav kunne nyte godt av som ferdatalar. Talekunst vart han ellers drilla i hjå Lars Eskeland ved Voss folkehøgskule. Garden var ein innvevd del av bygdekulturen. Som vi ser, la Olav Sletto avgjerande vekt også på bygdekulturen om ein ville forstå hans karakter.

### Garden og ....

Så var det garden. Den målar forfattaren slik: ... Lat meg først gå inn i den vesle stugu. Burti kroken til vinstre sto ei staseleg seng. Ho var måla i bjarte rosor på blå botn. Attmed veggjen til vinstre for utgasngsdøri var eit takhøgt skåp med utskorne speglar og rose måla. Til høgre for døri den store lokhylla med vakkert bygd skruv oppunder taket. På golvet stod tunge gamle liksom oppbygde stolar, den eine hadde ei utskori løve i ryggen. Inna bordet i høgsetet hang eit mangletre med vidunderleg utskurd og ein hest til handtak. På bordsenden sto ei utgamal ølkrus gjord av bjørketre, ho stod på tre løvor og på loket stod ein liten hund og skoda ut i romet. Stugu var elles måla i eit forunderleg blått med blåvorne dører. ...



Sletto. Foto: Lars Bry/Hol Bygdearkiv.

Kom ein ut på garden, stod tunet der i ein firkant: Like imot stugu fjøs og låvehus i ein bygning. Til høgre matbu på murar slik at det var vedskjol under, og attmed det eit lite stabbur. På denne måten vart tunet ein firkant inngjerd av hus på alle kantar.

[Bildet t.v. er tatt på 1960-talet. Tunet og bygningane rundt er noko endra frå Sletto si tid på garden].

... inne i eine stabburet stod fire «pløggekistu» langs veggen, stasmåla. Herbrand Bera hadde vore meister på to av deim. Ei seng attmed kvar langvegg. På bjelkane heng feldar, åklede, raude og grøne stakkar. ...

Matbudi var noko for seg ... og trass i det at bestefar ikkje var nokon rik mann, so gav bud i tokken av stor velstand. Fyrst ei svær rose måla kiste, jarnslege og rose måla. Ho gøynde sukkersekken, kaffisekkene og ein gammal brennevinsdunk som jamvel var rose måla. Rundt veggjene stod mjølbølene og umåla. ... Eine veggen var berre hyllor, øvst uppe ei samling bollar, skåler, trøyser, vangrarar, øltankarar, mjølkebyttor. Lenger nede prim, ost, smørspann. I taket heng kjøtet for året. ... Dei var so gamaldagse i den grendi [Holet] at dei tenkte ikkje i pengar, dei tenkte velstanden i mat, klede og buhav. Og dei ville ha mykje av det. ...

Bestefar gjekk med på å måle stugu utanpå raud med kvite vindauge og lister. Grannen likte ikkje det, tykte ikkje at det kom upp mot den gamle solbrende veggen, tilgav aldri. ... Den gamle tradisjonelle Hallingstugu gav ei grend noko umåteleg fast og trygt. ... Likt over heile grendi. Rik og fattig hadde jamna ut den ytre skilnaden på den måten, dei audmjuka ikkje kvarandre. Men den eine garden kunde vera gjævare enn hin, det låg noko i lufti um deim, og det var ætti som gav gjævskapen. ... [Dale/Reinton, 1966].

Det var altså ei ære av godt folk vera og ha velfylt bu eller stabbur. Olav Sletto meinte seg vera av godt folk. Alt dette sagt, så var garden tungbrukt, og det var tungt etter vatn [Reinton 1972]. Og bratt var det – og bratt er det – i Sletto. Utsynet like storsslått, no som då.

### **... livet i Sletto**

Men kva med det sosiale livet på garden – og kjenslelivet? Også dette er skildra i bøkene, men – var det i røynda djupare og meir nyansert enn forfattaren kan gi inntrykk av i diktninga? Eller les vi han ikkje djupt nok?

Gamle-Jens var ikkje nokon rik mann, skriv Reinton. Han streva på med mykje arbeid for handelsfolk i bygda, før Bergensbanen kom. Han var hestehandlar og køyrd varer mellom Gulsvik og Hol. Det var tre dagar kvar veg, minst. Nokre gonger var han også lenger enn det, heilt ut til Tønsberg – og heilt til Sverige. Bestefar til Olav kunne korkje rekne, lesa eller skrive, men avtaler og rekneskap hadde han i hovudet, som mange av hans handelsfrendar. Dette var den gongen eit ord var eit ord, og ein mann ein mann. Ei tid var Gamle-Jens «litt glad i det sterke», men han åtte ei fin framferd, ein mann som sat inne med den beste bygdekulturen, noko garden, i følge Reinton, bar merke av.

«Jens Sletto var ei flott type og vart sett opp til,» seier tidlegare mangeårig ordførar og framifrå kjentmann i Hol, Osvald Medhus, men han veit svært lite om Birgit. Om Olav heiter det: "Olav hadde store tankar om seg sjølv, veldig tidleg. Det var nok ikkje alt som var like lett i Sletto." Bygdefolk kjente tilhøva i gardane, men talar helst ikkje um det vanskelege. Bestemor Birgit var lese- og skrivekyndig lærardotter frå Ål.

Arbeidsdelinga på garden var som ho hadde vore i all tid. Bondekona hadde sitt ansvarsområde, bonden sitt, som var overordna hennar. Føringane låg i Bibelens skapelsesberetning. Normene var sterke og klare, i ord og handling [Eva Almhjell, 1980].

Men Sletto teiknar eit sterkt og vakkert bilde, også av garden han vaks opp på – og besteforeldra sine. Han såg lite til dei etter at han flytta ut. Men i Per-bøkene er det som han, i sin eigen alderdom, reiser ein bauta over dei to gamle. Morssakn er knapt synleg i bøkene. Det fanst ingen laste, korkje samfunn eller familie, skriv han, med därleg duld hint til psykoanalysen [Dale/Reinton, 1966]. I oppveksten fekk han med seg alt det gode han skildrar, men bildet var nok meir mangfaldig enn han deler med Per-lesaren. Ei sers travel bestemor måtte styre garden når mannen var borte. Ho hadde korkje tid, enn si forventningar til seg sjølv, at ho skulle vera der med den nærliken denne spesielle guten hadde behov for? Bestemor var alvorstung, men ho balanserte folketru og bibeltru på ein ljós måte, skal vi tru diktaren, og var med på både oppturar og økonomiske nedturar i Sletto. Likevel var guten Olav djupast sett, skriv han til Karin, einsam. Kvifor det?

### **Barndom – frå stille til gråt – til stille**

I Olver-bøkene tek diktaren oss med på ei reise i si åndelege utvikling. Bøkene er ikkje sjølvbiografiske i tradisjonell forstand, men det ein kan kalle åndsbiografiske. Bøkene kom på 1950-60-talet. Da var han ein aldrande mann. Her ser han seg attende og lettar litt på sløret til sin tidlege barndom. I fyrste boka, «Boki um Olver», gir Olav stemme til Ingibjørg, ei kone som var med då Olver – Olav – kom til verda, ei som kunne *sjå*. Ho fortel: Guten var so

underleg til unge å vera, han grét ikkje heile det fyrste året. Andre året var det sameleis, ... men so kom tridje året, då grét han seint og tidleg, på timen han var vaken ... Guten var ikkje sjuk, ... han ét og han vaks, men gråten hans var so rar. ...

Bestemor ba vel til Bibelens gud for denne vesle guten, som var så annleis enn andre ungar ho hadde hatt, og hadde, omsut for, utan å kjenne seg bønnhøyrt. Det vart til at ho gjekk til Ingibjørg, som visste råd. Dei støypte bly og la over bringa til den vesle, og etter den dagen tok ikkje Olver til gråten meir. Fyrst i armane til sitt viv, Karin, vart gråten attor forløyst. Det er gåtefulle og sterke bilder Olav Sletto gir av sine tidelege barneår.

Vidare skriv Sletto: ... Olver ... ei gåte, stor sterk gut, men uskjøneleg. Var ikkje barn, men vaksen før han var tolv år. Folk var forvetne på han. Men når dei tala med han, valde dei ordi som for ein eldre. Han var som ein gamal mann i ein barnekropp. Gjennom barndomen vandra han einsamt med seg sjølv og sine hugsvé. Seinare kom han ut i folkestimet, men han hadde mest som ei serevne til å vera einsam millom mange.

Meir gåtefullt frå barndommen.

Ingibjørg såg «kungin», som ho kalla den nyfødde, nokre år fram i tid, ståande i andre høgda på eit stort hus. Ho spådde han kom til å forlata bygda, og bli ein stor mann. I Olav Slettos versjon var Ingibjørg sannsett.

Då han var 18 år forlet han fødestaden sin – til fots. Han ville ta seg god tid og tala med folk han trefte på sin veg. ... han gjekk der på ålmannvegen ... heilt usåra av livet, ... So usviken at han trudde godt um alle menneske. Han leit jamvel på den verdi han ikkje hadde sett. Denne lykkelege barndommen stadfestar han i samtale med Georg Brandes som han trefte under studieferda si i Danmark i 1908-09. ... Det er ein still dubbeltklang av lys moro bak ålvoret. De må ha havt ein lukkeleg barndom? Seier Brandes. – Ja, ... svarar Olver.

For den som har sett bak Olav Slettos eigne bokord, og lese den unge forfattaren sine ord i brev til Karin, synest konklusjonen på eigen barndom, som han presenterer i møtet med Georg Brandes, vera forvitneleg. Si eigen einsemd delte i alle fall ikkje Sletto med Brandes. Kva var det å skulde på i eigen tidelege barndom, slik han gjer i brev til Karin i august 1911, om alt var slik han konkluderer i Olver- og Per-bökene: Ein lukkeleg barndom? Men altså også med røynsler han framstiller som gåtefulle. Har han helde barndommen på avstand? Kanskje det.

Det er eit kjent litterært grep å skrive om seg sjølv i tredje person, og bruke nemningar på folk og stader som ikkje blir nytta lokalt. Når Olav Sletto i Per- og Olver-bökene skriv i tredje person og nyttar bestemor og bestefar, i staden for dei sterke og flotte lokale nemningane gommo og goffa, kan det vera fristande tenkje på dette som eit døme på at han skapar avstand til sitt eige stoff – sin eigen barndom. Det er hans val.

Olav var, som nemnt, født utanfor ekteskap. Det var ei stor skam, som ramma både mor og heilt uforskyldt barnet, slik Jørn Øyrehaugen Sunde viser i boka om Anne Sletto (Almhjell/Øyrehaugen Sunde 2015]. Bygdedyret var ikkje nådig mot slike, men det fanst løvetannbarn den gongen som no, slike som greidde seg trass därlege odds. Olav kan godt kallast eit løvetannbarn.

## Arv eller miljø?

Den vi blir som vaksen blir gjerne sett i samanheng med materielle, sosiale og kulturelle kår, og emosjonelle opplevingar i barndommen. Og – ikkje minst, korleis den enkelte forvaltar livsarven heimanfrå.

Olav vaks opp i ein flokk. I 1891, då Olav var 7 år, budde det i alt sju personar i hushaldet. Forutan sjølvefolket var det dottera Kari [f. 1877], Jens [f. 1881], Ola [= Olav, f. 1886] og Jenny [f. 1891], halvsyster til Olav. Dertil kom Lars [Olsen Haugen, f. 1879]. Lars var, som Olav og Jenny, «uægte barn» eller lausunge, som dei vart kalla på folkemunne. Olav og Jenny var fosterbarn på ”selveiers/bondens rekning”. Dei fekk ikkje økonomisk hjelp frå det offentlege til desse to, slik dei fekk for Lars.

Det var mange ungar og vaksne rundt vesleguten Olav. Visst var han født utanfor ekteskap, som Lars, som Jenny. Dei var no berre tre av mange såkalla «uektefødte» på slutten av 1800-talet [Øyrehaben Sunde, 2015]. Men Olav sine reaksjonar på hendingar i livet, som no i 1911, var hans eigne. Det er dei vi prøver forstå. Ytre sett var altså Olav Sletto sin oppvekst lik mange andre ungar i fjellbygdene i si tid, men det at han slapp unda arbeidstenest på garden, slik han sjølv skriv, var uvanleg, og noko dei andre ungane ikkje likte. Han fekk drive med ting som var lite nyttige – i bondesamfunnet, som å byggje tempel i skogen, leike med steinar i bekken osb.. Slik skilde han seg frå dei hine. Også i skula skilde han seg ut. Skuleflink var han som få, og fekk lære noko engelsk og tysk hjå presten og frua. Han var ein av mange, men likevel annleis-guten, ein intellektueller i kjømda.

Han sakna mor si og den varmen og nærlieiken som berre ei biologisk mor kan gi, slik vi les Sletto sine brev. Men mor forlet, som nemnt, guten berre dagar etter fødselen. Det vart bestemor som gjekk inn i mors stad, som sosial mor. Ho hadde travle dagar, og kunne knapt stette Olav sin sterke lengt etter ei varm og nær mor. Lengten kjem sårt fram i brev til Karin:

Veit du kva eg kjende i Kristiania? [Der dei treftes i mai 1911]. Eg skal segja deg det: Hjaa deg, i dine armar, nær inn til deg – der faar eg eingong graata. Eg trur du vil skyna manns graat....livet tok graaten fraa meg som barn. Men inntil di bringa – skal eg faa den ...graata att. Ein einaste gong faa graata hjaa deg mitt viv, mor, ven – alt! Og eg skal vera ein sterke mann for deg alle mine dagar. ...

**...Du var mi mor fyrr du vart mitt viv, og eg var noko ditt barn fyrr eg vart din mann!**  
**Eg har graate den vaksne manns taarar ved din barm! Ewig takk!** [EA uteheving]. Og two unge likamar skalv øre, varme mot kvarandre fyllt av den reinaste eld! Dei var viv og mann! [Hol 10.8.1911].

Hjå Karin fekk han gråte ut si store sorg og smerte, sitt sakn og sin lengt etter mor. Ingen andre enn Karin fekk veta. Derfor vart ho så livsviktig for han, ja, han kunne knapt tenkje seg leva om ho skulle svike han, eller bli borte. Utan Karin ville det kanskje gått, sjølv den truande Olav Sletto, som det gjekk den ikkje-truande Tor Jonsson – einsemda ville stige i han og få fatale følgjer? Det kan forklare noko av sjausien hans.

Morsrolla i bondesamfunnet var helst innretta mot materielle tilhøve, mot overleving – varme, mat, klede, tak over hovudet – meir enn emosjonell omsorg. Dei tenkte ikkje primært den biologiske mor-barn-dyaden på slutten av 1800-talet. Garden var eit arbeidsfellesskap. Den emosjonelle nærlieiken i dagens familiar var noko kulturfremmandt i det gamle bondesamfunnet. I det daglege var det like mykje dei større ungane som tok seg av dei

mindre. Mor måtte arbeide. Det betyr ikkje at dei ikkje var glad i ungane sine. Men Olav ventar stor nærliek til mor, ser det ut til. Større enn dei som vart stetta. Kvar kom forventningane hans frå? Såg han – som barn – andre modellar for familieliv i bygda enn dei heime? Noko han kunne bygge ein visjon om noko – betre – på?

Olav var ein skarp observatør. Kanskje fekk lengten etter ei mor næring i t.d. prestefamilien, der han fekk lære tysk og engelsk? Folkesnakket ville ha det til at Olav hadde Bjørnson-blod i årene. Vissste guten det? Kjende han seg meir heime i prestefamilien enn i eigen flokk? Og var det sosiale og emosjonelle klima i hans flokk slik at det forsterka guten Olav si einsemd – som han ikkje delte med nokon og som ingen ana då han vaks opp? Trengte han ei type omsorg som var fremmand i ei liten fjellbygd, i ein travel bondefamilie? Kanskje det.

Men då han fyrst skreiv og tala med Karin om dette, som voksen mann, forsto han da barndommen sin, seg sjølv og sitt sakn, sin mors-lengt, i lys av moderne psykologi? Vi veit han hadde lese m.a. Sigmund Freud, men Sletto var djupt usamd med Freud. I notata til Olver-bøkene, skuldar han Freud for å gjera mennesket til noko jordvendt og driftsstyrkt, meir likt dyr enn menneske. For Olav Sletto var mennesket eit meiningskande, himmelvendt åndsvesen. Religionspsykologen William James sto han nærare med si forståing av mennesket enn Freud. Mor gir mening i og til livet. Denne meiningsa mangla i Olavs liv. Han søkte den hjå Karin. Kan det vera slik? Det er ikkje alltid konsekvens i Olav Sletto si forståing av eigen barndom, noko bidreg til at spørsmåla vi stiller ikkje beint fram let seg svara på. Men undre oss, det kan vi.

Barndom er gjerne fortolka i skjæringspunktet mellom arv og miljø. Kva som blir tillagt størst betydning skil seg etter kva fagdisiplin ein hører til. Mens ein i sosiologien og psykologien har lagt størst vekt på tilhøva i det sosiale og kulturelle miljø, hellar forskarar med naturvitenskapleg og medisinsk-psykiatrisk bakgrunn til faktorar knytt til genetisk arv. I moderne forsking forstår enkelte ei verkeleg stor forelsking som noko ein er genetisk disponert for, og «tilbøyeligheten til religiøsitet» meiner ein også å ha funne genetiske forklaringar på. Så blir spørsmålet om det er arv eller miljø som kan forklare Olav Slettos karakter, hans religiøse orientering, sjalusi, mistenksamheit og kontrollbehov – og dermed dei forvitnelege handlingane hans i månaden etter han sto brudgom i Drammen. Mao. er mennesket genetisk disponert også for mistenksamheit og sjalusi? Eller er det kjensler og handlingsmønstre som følge av desse vi blir sosialisert inn i? Og kan denne arven, genetisk eller sosialt-kulturelt betinga, kontrollerast gjennom sjølvinnnsikt? Olav hadde, om så var, openberrt ikkje tilstrekkeleg sjølvinnnsikt til å kontrollere sine kjensler. Forvaltar han då livsarven slik at den opnar for [åndeleg] vekst, for han, og ikkje minst dei rundt han? Eller blir dette som å hoppe over sine eigen skugge?

Gitt det lokale torevêret som nærmar seg i Sletto og i Sandefjord mot slutten av august 1911, har vi har langt på veg bruk Olav Sletto sine eigne ord om det han meiner har vore viktig for han under barndom og oppvekst i fjellbygda Hol. Målet er å prøve forstå reaksjonane hans. Er vi nærmare ei forståing no? Skjønar vi meir av denne samansette karakteren, som vil vera så gåtefull?

### **Olavs Janus-ansikt**

Voksen opp i storslått natur i ein dal, i ei bygd med ein unik kulturarv, som garden Sletto – og Olav sjølv – var ein innvevd del av – med genetiske disposisjonar vi ikkje kjenner meir til, og berre kan gjera oss tankar om. Der sit no Olav Sletto i 1911, 27 år gamal og nygift, og skriv

sine forrykte anklager mot henne som for fire veker sidan vart hans viv. Mange slags minne og tankar kan Olav ha hatt, der han sat bala i kammerset sitt, mens dei andre sto i slåtten – på ein gard han kanskje hadde dikta litt større enn han i røynda var – for Karin – , og der oppveksten ikkje berre hadde vore idyll. I ei konservativ fjellbygd, der folk oppfatta han som uvanleg begava, men lite dugande til nyttig [bonde]arbeid? Med skamma som følgde det å vera født utanfor ekteskap nederst og underst i sjela? Ytre sett eit geni, med eit indre fylt av den djupaste einsemd – som ingen ana. Der sit han.

Sletto hadde, som nemnt, lese sin Freud, og nytta draumetydinga hans – saman med tradisjonen for å tolke draumar frå folketrua i fjellbygda. Men han tok, som vi har sett, avstand frå Freuds driftsteori. Det er som han *vil* at det åndelege skal overstyre driftene, at mannen *skal* ha kontroll over driftene sine og styre dei i åndeleg retning. Det er derfor interessant å lesa breva til Karin i lys av dette. Han skriv at i sin kjærleik til henne er det åndelege meir enn halvparten av hans trå. Han meiner det nok, men likevel er det ikkje samtaler til åndeleg vekst han lengtar etter når han er på taleferdene sine. I breva han skriv sitt unge viv er det lekamleg lyst og jubel som er drivaren, og det er det same han appellerer til hjå henne når han er på veg heim – og som ho svarar opp, mens ho minner om samtalen. Attrå er tung temme, sjølv for den åndeleg orienterte Olav Sletto. Han er mann, ja, tilmed hingst, for å sitere Georg Brandes sin karakteristikk av unge Sletto i København [Olver-bökene]. Ånd og materie flettar seg i hop for Olav og Karin, og er ikkje så atskilt som dei gamle filosofane vil ha det til.

### **Men Karin vil til Hallingdal**

No august 1911 tok til å renne ut, trengde Karin altså på for å koma til fjells. Ho vil til denne mannen. Frå heimgarden skriv den nygifte Olav til Karin at han eigentleg longe – mentalt – hadde flytta frå garden og bygda han vaks opp i. Han orka ikkje vera der ute i «øydemarki» lenger. Då han under ei taleferd i Hallingdal vinteren 1915, vitja «de gamle», ynka han seg over fattigdomen som møtte han. Fjellbonden, som han kallar seg i Olver-bökene på 1950-talet, lengta heim til kone og barn. Det var Vesleheimen i Asker som hadde vorte heime for han då. No – i august 1911 – var det Karin som var «heime» for brevskrivaren. Han syner to andlet: det eine smiler – det andre gråt.

Olav Sletto skriv om det fyrste møte med Karin på Notodden: ... Eg vigde mitt varme hjarta til deg! Eg var tjuge aar den gongen. Og du lokka fram dei krefter, som hev bore meg til denne dag. Dei var krafti i meg. – **Eg har i heile mitt liv lengta etter ei kvinne – etter ei mor.** [EA uthaving]. – Men i saknaden livde eg mitt eige liv – fjernt fraa alle dei andre. Dei ana ikkje mitt væsen – ingen! ...

Ovanfor har vi reflektert over kva det er i Olav Sletto sin barndom og oppvekst som kunne tenkast å trigge angst og andre tunge kjensler, og som slær ut som galskapens blome då nybakte fru Sletto etla seg til Kritistiana – incognito – på sin veg til Hallingdal? Arv eller miljø? Eller innsikt i misforholdet mellom ideal og verkelegheit på heimstaden? Skam? Truleg ei god blanding av alt dette, og kanskje meir, som vi ikkje kjenner til. Og Olav si forvaltninga av livsarven let mykje att å ynskje.

Nygifte med bustad 30 mil frå kvarandre var i alle fall ikkje noko for dei nyvigde. Frå kammerset sitt pressar Olav på for å få til ei løysing som gjorde slutt på særbu-tilværet. For den romantiske Karin vart løysinga – på kort sikt – å treffast i Hallingdal, kanskje i Sletto? Ho

ville jo vandre i fjellet saman med sin «store og herlige ven» - under fullmånen. Og kalenderen viste framleis fullmåne 7. september 1911.

### **Kvinnelist og satanslist for den som meiner seg miste kontrollen over sitt viv**

Det er forvitneleg lesa korleis Olav Sletto manøvrerer for å få Karin frå den tanken. Var det, som vi har vore inne på, avdi hans bondefortelling ikkje heilt var i samsvar med verkelegheita i Sletto? Han hadde ein tendens til å gjera smått til stort, og stort til større, slik han demonstrerer i skildringa av sitt møte med Bryde-eigedomen «Skjæret» i Vollen i Asker [Elveland 1924]. Det var militærtenest og helseplager og ein stol hjå Viljugrein på Lisla i Gol, der ho skulle vera aleine medan han berre kom på besøk frå Hol. Dei måtte vera varsame så dei ikkje røpa seg om giftarmålet, må veta.

Dessutan, argumenterte han – sat han omarbeidde den fyrste boka i Loke-serien. Det betyddde overlag mykje. Karin førebur seg likevel på hallingdalsferd, men ho måtte altså ein tur innom Kristiania på vegen. Ho ville, som nemnt, reise og bu incognito. Då hennar ferske husband fekk veta det, vart han meir enn oppøst og skriv brev på brev med valdsamt innhald. Ein skulle tru mannen var gått frå vet og forstand. Kjenner han seg framleis utrygg på Karin og alt det framande ho står for, trass brennheite kjensler? Han skriv m.a.:

Deg elskar eg, deg hev er vigt mitt liv, for vaar sak ofrar eg mitt liv og mi kraft!

Dette er ikkje ord, eg er forlaten av alle, og alle hev eg forlate, og hev gjenge heilt til deg og vaar sak!

Min kjærleik – sansarne er berre ein liten part av min kjærleik til deg. Endaa eg trur at jordisk lukka vil óg strøyma innyver oss.

Eg er ein mann som vil deg godt. Og tru meg, eg hev styrken til aa bera deg!

Eg hev bunde min lagnad til din!

Eg er ein truande i livet.

Du Karin, mitt viv! Du maa ”behandla” meg rett og varlegt endaa ei tid, so er slaget vaart.

Den incognitoturen din til Xania – den ber til meg Satan! ... [Hol 23.8.1911].

Dette var ord som låg langt frå dei han til no hadde brukt i brev til Karin. Kvifor reagerer han slik, han som meiner seg raus og åndeleg velutrusta? Og som diktar med godheit? Svaret ligg truleg i det han sjølv skriv, og som vi har drøfta ovanfor. Han er sjalu og verkeleg frå vetet ved tanken på at han skulle kunne miste Karin, herunder å miste kontrollen over hennar tankar og handlingar, over «denne festningsvolden me two hadde vunne». Utan henne var livet ikkje verdt å leva. Alt sunt bondevet er blåse áv. Han er i sine kjenslers vald. Han var så oppøst, skriv han, at han tilmed står åtte timer i slåtten – med ljåen sin – for å dempe sitt opprørte sinn. Ein må undre seg over at han ikkje berre skriv alt dette, men også sender det avgarde – hovudstups. At han ikkje brukar litt tid til å tenkje seg om. Korleis ville Karin ta dette utbrotet av usensurert harme, mistenksamheit, svartsjuke, angst – og kjærleik? Ho svarar frå Sandefjord:

Kathrineborg, 25.8.1911

Min mand! Min eneste ven i verden!

To vonde nætter! To tunge dager!

Hvor underligt! Nattens tid igjen, da al din sorg og tvivl vælded over mig – den nat fik jeg lidet sove! Kastet mig urolig frem og tilbage, og sindet, det var tungt og lengtende! Jeg ante ligesom noget kommende saart!

Og saa kom posten! Og dagen blev tung og natten, søvnlos og saar og i dag er det værre! I dag vælder alle de menneskelige tanker ind over mig, som har naget mig tidligere og nedstemt mit sind: Mon jeg er den rette? Mon jeg er din lykke? Mon jeg er dit alt?

Min ven! Mit menneske! Jeg mente min kjærlighed skulde faa staa sin prøve! Og saa kommer alt dette forfærdelige! Dine stygge ord! ... Min ven! Min eneste! Først tog jeg det hele saa merkelig rolig – jeg var næsten glad for hvad du skrev! Men i dag saa uendelig tungt! – ...

Du, dette forfærdelige, at jeg ikke skulde forstaa dig – ikke være dig nok!! Det tager modet og magten. Min ven! Og saa elsker jeg dig saa omt, at jeg tror, det blir min død!

... Aa, min ven! At du kunde tro din viv til noget saa uværdigt – som at gaa bag din ryg med noget, du ikke skulde faa vide! – Jeg er saa ulykkelig her i min vidunderlige lykke! Men det skal alt blive godt, naar vi mødes!

... Lad os nu se til at komme ”det bitre” forbi! – og ikke møde det mer! Det har ingen plads i vore hjerter – i vor kjærlighed! Vi, som giver livet for hinanden! – Saa kaster vi alt det triste ”overbord” og der er intet som tynger! Min mand! Mit liv! Min kjærlighed! Jeg er dig god i al evighed! ...

Saa lægger vi armene om hinanden – fanger hinandens blik – og i vort varmeste kys giver vi vor tak! Min mand! Min mand! Vi elsker hinanden – uden skygger! Og vi eier hinanden – i den største hengivelse! Min ven! Hvor vore legemer stunder! Og hvor rigt og vakkert vi skal leve livet! Jeg er din!

For dit brev i dag – min varmeste tak! Du er min. Gud i himlen bærer takken! Dit knefald – mine knefald føder seier!!!

Endnu ét: Jeg vil leve livet sammen med dig paa vidden – vil være din deroppe! Og derfor: mødes jo på Gol! –

Din viv, som atter er glad!

Karin held altså fast på sin plan om ein tur til Hallingdal – trass alt. Ho skriv dei venaste og varmaste ord for å trygge sin hysteriske husband, sin «store ven», og er innstilt på å leggje «alt det triste» bak og gå vidare i livet. Med sorg og stor ro gjer ho greie for kvifor ho legg vegen til Hallingdal om Kristiania: ho vil til tannlegen, ho vil kjøpe garn til bunadshuva si i same fargar som i kjolen [Karin har laga seg hallingbunad], og ho vil kjøpe lekkert undertøy til ho skal møte sin store kjærleik, denne fjellets son. Til slutt grunngir ho kvifor ho vil reise incognito: Ho vil sleppe unda alle krav om nærvær frå familien i Kristiania, for då ville ho ingenting av sine gjeremål få gjort før ho set seg på den nye Bergensbanen [opna i 1909] til Gol. I brev ho skriv 24.8.1911 heiter det:

Jeg reiser til Hallingdal, det er baade mit svar og min hensigt – ... Du kan ikke tvile paa dit viv! Og hvad du hele dit liv skal have tilgode, det er at gribe mig i svig og usandhed! Her lægger jeg min vilje i din! Og reiser herfra den dag du ønsker!

Lad mig saa faa sige, at jeg er saa jublende glad, fordi vi kan faa være paa Lisla i Gol! Det og intet andet sted skal vi være og leve sammen de herligste timer! Eg din, du min – i all æva! "Me vil vera trufaste med kvarandre!" "Guds signing yver vort samliv!"

Og saa – min mand! Saa er der noget i dit brev, som gjorde mig virkelig glad – slig at jeg kjender det som velbehag – og det var "Under domens" skjæbne denne gang! Men den skal komme igjen paa en anden maade – til et andet aar! (Som noget for alle). Og du skal høste den beundring, den fortjener! Min mand! Jeg kysser dig varsomt! - - -

Det er ein audmjuk «fjellbonde» som svarar sitt viv i Sandefjord. I fleire brev legg han seg flat, forklarar reaksjonane sine med å vise til sin tidlege barndom, og ber henne om tilgjeving. Det han siktat til er at han vart forlatt som spebarn av mor si, tenestjenta Anne J. Sletto. Guten hennar vart att hjå foreldra i Sletto, der han, som vi har vist, vaks opp i ein stor ungeflokk. I 1891 fekk Olav ei halvsyster, som også kom til Sletto. Desse to vaks opp i den tru at besteforeldra var mor og far [Lars Reinton i Dale/Reinton, 1966, s. 12]. Olav skulle få veta sanninga då han vart konfirmert. Som andre ungar, skjønte han meir enn vaksne trudde, alt mens han var smågut. Objektivt sett var dette eit stort svik. Eit svik heile bygda kunne sjå, men som skapte ei einsemd berre Olav sjølv kjende. Einsemda delte han med ingen – inntil Karin kom inn i hans liv.

I dei glade gutedagane han fortel så vakkert om i Per-bøkene er det lite rom for det barnet han skildrar i Olver-bøkene og i brev til Karin som voksen. Per veks opp i reinleik og harmoni. Ein kan tenkje at han idylliserer barndom og oppvekst, mens einsemda rir han som ei mare. Var det i lys av desse røynslene han skapte den treeinige Loke, sin eigen tvilsridde hovudkarakter? Var det i dette mørke han måtte søke ned og inn, og slik konfrontere og bearbeide eigne traumer? Var det i dette mørke han sjølv brått befann seg no? Om det finst ei eller fleire diagnoser for Olav Sletto sine reaksjonar skal ikkje vera sagt her. Det er ei oppgave for fagfolk innan feltet å forske på.

Olavs barndom, som han trass alt hyllar i Olver-bøkene [1950- og 60-talet] og reint ut idylliserer i den vakre fortellinga om Per i dei fire bøkene Per Spesil, Per Sjøl, Per Stavlang og Per Spelmann [1939-1942], blir meir nyansert i breva til Karin. Men Slettos dikting er likevel sann – for han. Dette er den vanlege slettoske måten å skildre bygd og oppvekst på. Valde real-idealisten Olav Sletto å skrive med godheit, som han kallar det, å tone heilt ned det duunske bygdedyret, baksida av små og tette fjellbygder som Tor Jonsson berre såg vrangside av, fordi han ikkje orka leva med saknet og einsemda som erklært og bevisst sinnstilstand? Var det ein *vilja* barndom og oppvekst hans skildra – fordi han måtte? For under låg einsemda trugande – heile livet? Som ingen såg. Om det var slik, så var han ein god seljar av lukke-Per og den heldige Olver. Omverda såg han slik - utvendes. Olav H. Hauge skriv t.d. i dagboka si frå 1958, der han omtalar dei tre fyriste Olver-bøkene: Ja, Sletto var ein lukkeleg mann, eit lykkemenneske, som Duun vilde ha sagt. Han kom tidleg ut og fekk læra, alt laga seg til for han. Og lukka har fylgt han seinare òg [Kai Jacobsen 2013]. Ikkje vart barnet Olav sett i heimbygda og ikkje blir han sett som voksen forfattar. Han blir vurdert slik han tok seg ut på overflata. Under låg det såre, det gåtefulle. Ver det slik han likevel ville ha det? For å kunne skapa?

Vi er enno i slutten av august 1911, og Karin har framleis i sinne å treffje sin mann i Hallingdal, på Gol. Ho har ikkje skjønt at Olav sine utflukter er forsøk på å hindre fjellturen hennar. Og oppi alt dette kaoset fram og attende, hit og dit, tenkjer ho på arbeidet Olav har

med å omarbeide manuset sitt til fyrste Loke-boka [rekkefølgja vart ei anna til slutt, men det visste korkje han eller ho i august 1911]. Men korleis går det med Karin si Hallingdals-ferd? Kva er det Olav har i sinne? Han kjem fram med det, og etterkvart blir han svært tydeleg:

Eg tenkjer at me maa setja Hallingturen ut til eit aar seinare. Her vert so ufrift for oss, og nysgjerrige augo paa alle kantar! Og det vil me ikkje ha – endaa!

Dessutan er her so kaldt. Skulde me vera paa stolen, laut me gaa i tjukkaste vinterhyre! Ja i dalen óg! Og kvifor upp i kulden, me som er ælddyrkjarar? ...

Min ven og kamerat! Eg kann faa ferdig ny bok til 15 sept. (No lær du!) Men du maa gjeva meg att ro og kraft, me maa bu i Xiania alt fraa fyrstingi av sept. incognito!!

Høyr! Skriv eg so flinkt 2-3 timer um fyremiddagen – kvar dag – so skal manuskiptet vera reint 15 sept. (So langt er eg alt komen!). Nokre kveldar maa me i teatret. Eg maa sjaa kunst fyrr eg kann vaaga og reinskriva! Og sender det so til forleggjar, og avslag for eg ikkje denne gongen! Kjære du vil vera med paa det!? Aa for herlege dagar – desse vaare i Kristiania! Og økonomiskt! Kan hende at eg óg kjem til aa halda fyredrag i Dr[ammen]. Med prating i Xiania og Dr[ammen] tener eg igjen mitt utlegg i maanaden sept. Me leiger two rom ein maanad. ... Eg kann beintut sagt ikkje halde ut lenger her uppe i øydemarki. Kjenner du ikkje kor forfælante eg stundar natt og dag! Og no er eg so din, og so hev eg so heil tru paa vaar herlege framtidsveg, at ein ting er naturleg: taka mitt viv inn til meg i det heitaste, nærmeste famntak! Gjeva deg all min stundande varme! Liggja deg ved sida, med munn mot din munn, med din arm um min hals; med min arm fast um ditt liv – draga din unge, herlege likam nær til min varme; mine hender for glide gjennom ditt myrke herlege haar; glida varme, kjærlege nedetter den venaste form – dei venaste linjer! Faa kjenna din varme! Møte kvarandre i lengt og stunding! Bøygja oss mot kvarandre med yverfyllt hjarta. Bøygja meg varm og varmande med min unge styrke yver mitt viv, og vera din mann! ...

Din evig trufast lengtande mann!

### Forføraren Olav Sletto

Den mannen kan skrive! Olav Sletto, med sin forførande penn. Han forfører Karin. Og han veit kvar han vil. Karin er framleis ufortrødent meir eller mindre på veg til fjells, til Olavs store skrekk. Han tyr til argument om mistrivsel der oppe i fjellheimen. Det er grått, kaldt og vått, retteleg utriveleg, er det, der han før hadde måla med heilt andre fargar. Han høyrer rett ut sagt ikkje til der oppe i «øydemarki» lenger. Han vil til Kristiania, til byen. No ser han det urbane som livsens lykke og faktisk ei forutsetning for at han skal få manuset til Loke-boka ferdig. Han som hatar byen og bylivet. For no gjeldt det å få snudd brura. Han skriv som vanleg insisterande og forførande, og, i dette høvet også manipulerande, for å få det slik han vil – og må? Og som vanleg var – og vart: Han lukkast.

Forføraren Olav Sletto. Ikkje berre forfører han Karin. Også eg, som arbeider med desse breva meir enn 100 år etter dei vart skrivne, let meg forføre. Det tek tid å gjennomskoda orda hans. I Per-kvartetten er det same ordhage penn som tek oss med inn i den verda han skildrar, og som gjer Olav Sletto si dikting så sterk, så forførande vakker og god. Eller vill og utemma, som i Loke. Kanskje var det denne episke forføraren Karin djupast sett let seg fascinere av? Og eg – men det er ei soge for seg.


Forfører han også seg sjølv – ved dei bileta han skapar i si dikting, som i livet sjølv? Var det *bilete* av Karin han elskar, meir enn *mennesket* Karin? Det får vi ikkje svar på her, men kanskje kjem det seinare.

Frå taleferda oppover Numedal juli 1911 (28.-31.7.) kom det brev skrivne frå Kongsberg, Uppdal og Brostrud Skydsstation i Numedal, samt Aasberg i Dagali. I alt 4 brev frå han og eitt brev frå henne i Sandefjord [sjå kart nedanfor]. Heime i Hol [2.-30.8.] skreiv han 22 brev til Karin og fekk att 17 frå henne, i alt 44 brev på 33 dagar. Han viste sin råskap, men glatta over og kom unda med det. Kjærleiken vart det største – til sist.

Forstår vi meir av mennesket, mannen og diktaren Olav Sletto no? Og kjenner vi Karin litt betre? Vi har vist noko av rammene rundt Olav Slettos oppvekst, men berre skildra hans unge år. Korleis dikting, liv og samliv utviklar seg for den modne Olav Sletto, står att å utforske.

Skulle ein prøve seg på ein førebels konklusjon kunne ein kanskje låne Sletto-venen og biografen, Lars Reinton, sine ord: Så stor psykolog han var i si dikting, så därleg psykolog var han ofte i forholdet til medmenneska. For eigen del tenkjer eg at Olav Sletto var ein konservativ, rural mann av si tid, men spesiell med sin store kjærleikslenkt, sin sjalusi, si mistenksamheit og sitt store kontrollbehov. *Bildet* han byggjer av Karin, av hennar plass i Olavs liv og i heimen – som mor og viv – var deretter. Karin-*bildet* var han livredd for å miste. Derfor ramma han det strengt inn med kjenslene sine. Dette gjer han ikkje til ein helt, seier Jørn Øyrehaugen Sunde, men det gjer han til eit menneske, som oss. For det fortener han respekt – som oss. Og Karin? Ho, har vi sett, har visjonar om noko meir. Åra som kjem vil vise korleis dette utviklar seg.

## Kart Buskerud/Vestfold – utsnitt



Kjelde: Google maps.

Namna i raudt viser stader i Numedal/Uvdal/Dagali, der Olav Sletto tala og /eller sende brev/kort til Karin i Sandefjord. Avstanden mellom Kongsberg og Uppdal skriv Olav Sletto er på 12 mil, mens strekninga Brostrud Skydsstation og Aasberg i Dagali oppgir han å vera omlag 17 km.

Framkomstmiddel under ferda var tog Drammen – Kongsberg, automobil Kongsberg – Uppdal, hest og vogn Uppdal – Dagali. Frå Dagali til Hol – ingen opplysningar. Sletto kan ha gått siste strekninga, 3-4 mil, heim.

På nettsida [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) /taleferder finn du i artikkelen frå Sletto si taleferd i Agder 1911 informasjon om:

- Sletto-arkivet i Hol kommune. Viktig her er at det er Olav Sletto sjølv som har vald ut dokumenta som fins i arkivet.
- Artikkelforfattaren Eva Almhjell.

Kjelder:

4-5 brev mellom Olav og Karin Sletto frå taleferda i Numedal i juli 1911. 22 brev frå Olav til Karin og 17 frå henne til han i august 1911, då han budde i Hol og ho i Sandefjord.

Litteratur:

Eva Almhjell: For Dykkar skuld held eg meg sjølv heilag! Ferdabrev frå Agder vinteren 1911, [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) og [www.hallingminne.no](http://www.hallingminne.no)

Eva Almhjell: Kjærleik i dølgsmål. Glimt av Olav Sletto og Karin Brydes stormfull kjærleik, og vigslle hjå byfogden i Drammen 27. juli 1911. Rundt om Drammen, nr. 2/2018.

Eva Almhjell: Vesleheimen skulle lyse utetter og verme innetter. Slettos 5 år i Vollen/Asker. Årbok for Vollen historielag 2018 (november 2018).

Eva Almhjell/Jørn Øyrehaben Sunde: Anne Sletto. Eit kvinneportrett. Boksmia 2015.

Eva Almhjell: Tidlig krøkes den som god krok skal bli. Hovudoppgave i sosiologi , UiO 1980.

Eva-Charlotte Mørk: Mytologisk prefigurasjon i Olav Slettos bøker om Loke. Masteroppgave i nordisk litteratur, NTNU Trondheim 2016. [Sjå [www.olavslettoselskapet.no](http://www.olavslettoselskapet.no) /Bøker].

Olav Sletto: Per-bøkene (Per Spesig 1939, Per Sjølv 1940, Per Stavlang 1941, Per Spelmann 1942), Norli.

Olav Sletto: Olver-bøkene, bind 6 «På alderstun» (Norli 1963).

Sven Moren: Ferdabrev frå Hallingdal 1907 [www.hallingminne.no](http://www.hallingminne.no) .

Johs. A Dale/L. Reinton: «Ei bok om Olav Sletto», Samlaget 1966.

L. Reinton: Folk og fortid i Hol, bind III, 1972.

Olav Slettoselskapets Årbok 2002.

Olav Sletto-selskapets årshefte 2013 og 2017.

Takk til

- Are von der Lippe for lån av M. Himbergs foto av den unge Karin Sletto og Kathrineborg-bildet.
- Bjørn Furuseth for hjelp med bilder og fotomontasjer.
- Olav Sataslåtten for lån av brev, bilder og artiklar frå Hol og Hallingdal, både dei som er publisert på [www.hallingminne.no](http://www.hallingminne.no) og andre upubliserte bilder og tekst.
- Eva-Charlotte Mørk for kommentarar til manuset.
- Jørn Øyrehaben Sunde for rettleiing i heile skriveprosesen.